

	<p style="text-align: center;">VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I ÅL</p> <p style="text-align: center;">Vedteken av kommunestyret 19.02.04 (sak 18/04) Endra i SUO 24.01.06 (sak 3/06), 18.12.07 (sak 28/07), 24.06.08 (sak 15/08), 24.02.09 (sak 05/09) , 26.01.10 (sak 03/10) og 21.12.10 (sak 28/10)</p>
<p style="text-align: center;">§ 1 EIGAR</p>	<p>Ål kommune er eigar av barnehagane.</p>
<p style="text-align: center;">§ 2 FORVALTNING</p>	<p>Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar m.v. og dei forskrifter og retningsliner departementet til ei kvar tid fastset for barnehagedrift. Likeeins i samsvar med kommunale vedtak og planverk for den einskilde barnehage.</p> <p>Sektorutvalet for oppvekst (SUO) er politisk fagutval for barnehagane i kommunen.</p> <p>Endring av vedtektene for dei kommunale barnehagane kan vedtakast av SUO. Større endringar og prinsipielle endringar skal leggjast fram for kommunestyret.</p>
<p style="text-align: center;">§ 3 FORMÅL OG INNHOLD</p>	<p>Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter og dei skal ha rett til medverknad, tilpassa alder og føresetnader, jf. Lov om barnehagar § 1.</p> <p>Barnehagen skal vere ein pedagogisk verksemd. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage fastsetje årsplan for den pedagogiske verksemda, jf. Lov om barnehagar § 2.</p> <p>Barnehagen forventar at foreldre/føresette møter til foreldresamtalar og elles tek del i andre aktivitetar som det vert lagt til rette for.</p>
<p style="text-align: center;">§ 4 FORELDRERÅD, SAMARBEIDS- UTVAL OG BRUKARRÅD</p>	<p>Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU), jf. Lov om barnehagar § 4.</p> <p>SU skal bestå av fylgjande medlemmer: to representantar frå foreldra, to representantar frå dei tilsette, ein representant frå eigar.</p> <p>I tillegg skal alle barnehagar ha brukarråd.</p>
<p style="text-align: center;">§ 5 GODKJENNING</p>	<p>Alle barnehagane er godkjent for barn i alderen 0 - 6 år.</p> <p>Arealnormene for leike- og opphaldsareal er 4 m2 pr. barn over 3 år og 5,5 m2 pr. barn under 3 år. Uteområdet skal vere seks gonger leike- og opphaldsarealet inne. Krava er å sjå på som minimumskrav. Administrasjonen vurderer ved kvart opptak den praktiske arealutnyttinga. Omsynet til t.d. barn med funksjonshemming og antal barn over og under 3 år skal vera med i ei slik vurdering.</p>
<p style="text-align: center;">§ 6 ÅPNINGSTID</p>	<p>Barnehagane skal drivast som heildagsbarnehagar 5 dagar i veka. Opningstida er frå kl 07.00-17.00, men kan ved redusert behov vere kortare.</p>

<p>§ 7 PLASSTILBOD</p>	<p>Det skal gjevast fylgjande tilbod om plass i dei kommunale barnehagane:</p> <ol style="list-style-type: none"> foreldra kan velja mellom 2, 3, 4 eller 5 dagar pr. veke det må veljast faste dagar for heile året opptaket vert gjort etter gjeldande inntakskriterium (jf. § 11) styrar avgjer om det skal gjevast tilbod om kjøp eller byte av enkeltdagar
<p>§ 8 OPPTAKSMYNDE</p>	<p>Opptaket skal handsamast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Avgjerdsrett som gjeld opptak av barn til barnehagane er delegert til kommunalsjef for oppvekst. SUO er klageinstans ved hovudopptaket.</p>
<p>§ 9 SØKNAD OM BARNEHAGE- PLASS</p>	<p>Det vert nytta elektronisk søknad i samband med søknad om barnehageplass.</p> <p>Fristen for å søkje om barnehageplass i samband med hovudopptaket er 1. mars, etter kunnngjering i lokalpressa i februar månad.</p> <p>Det kan også søkjast om plass elles i året. Då vert plassar tildelt fortløpande etter venteliste om lag ein månad før den skal takast i bruk.</p>
<p>§ 10 BARNEHAGE- ÅR</p>	<p>Barnehageåret er eitt kalenderår og vert rekna frå skulestart i august. I samband med oppstart av det nye barnehageåret, må plassen for nye søkjarar takast i bruk innan utgangen av august. Barnehageplassen vert automatisk sagt opp når barnet byrjar på skulen.</p>
<p>§ 11 OPPTAKS- KRITERIUM</p>	<p>Dei som søkjer barnehageplass må vere busett i kommunen innan barnehageplassen vert teke i bruk.</p> <p>Fylgjande kriterium skal leggjast til grunn ved opptak av barn til barnehageplass etter slik prioritet:</p> <ol style="list-style-type: none"> Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er gjort vedtak om etter Lov om barnevernsteneste §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, jf Lov om barnehagar § 13. Det er krav om sakkunnig vurdering i høve nedsett funksjonsevne. Barn med spesielle behov for stimulering og miljøforandring og barn med spesielle behov for tilsyn grunna sjukdom. Begge tilhøve krev skriftleg uttale frå fagperson. Barn som er tildelt barnehageplass har rett til same tilbod påfølgjande år og vert ved ledig kapasitet prioritert ved søknad om endring. Barn som fyller eitt år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har rett på plass frå august når det vert søkt innan fristen til hovudopptaket. Nye barn skal takast inn etter alder slik at dei eldste vert prioriterte. <p>Ved fordeling av plassane til dei nye barna skal ein ved val av barnehage legge vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"> - foreldra sin prioritering av barnehage - nokolunde lik fordeling når det gjeld barn teke inn etter kriterium 1 og 2 - ved rett til plass i barnehage skal barn som allereie har sysken med tildelt plass prioriterast til plass i same barnehage
<p>§ 12 OPPSEIING</p>	<p>Oppseiing av barnehageplass, også delar av ein plass, skal skje med ein månad varsel. Oppseiinga må vere skriftleg og vert rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteken.</p> <p>Det er ikkje høve til å seie opp ein plass innafor eit barnehageår etter 1. april. Plassen</p>

	<p>må seiast opp før 1. april og barnet må takast ut før 1. mai.</p> <p>Ved flytting eller dersom plassen kan tildelast andre søkjarar, har administrasjonen høve til å vurdere oppseiinga i kvart einskild tilfelle.</p>
§ 13 BETALING	<p>Sats for foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret etter gjeldande lover og forskrifter.</p> <p>Det vert sendt rekning for 11 månader. Juli er betalingsfri månad. Ein føreset at alle barn skal vere ute av barnehagen i minst 4 heile veker i løpet av året.</p> <p>Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 2 månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen.</p> <p>Føresette som gjentatte gonger ikkje hentar sine barn til rett tid, må etter ein skriftleg advarsel betale kr 100,- pr. påbegynt ½ time ved for sein henting.</p>
§ 14 FERIE	<p>Barnehagane er stengt julaften og nyttårsaften. Onsdag i påskeveka er det åpent til kl 12.00.</p> <p>Ved lite behov for barnehageplass i jula, påska og i veke 28, 29, 30 og 31, kan barnehagar samarbeide om tilbod.</p>
§ 15 PLANLEGGINGS- DAGAR	<p>Barnehagane har 5 planleggingsdagar i året. På desse dagane har barnehagane stengt. Kvar barnehage avgjer dato for dagane, og bør så langt det er råd, leggje dei til skulane sine planleggingsdagar. Foreldra skal innformerast i god tid.</p>
§ 16 NYNORSK	<p>Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagane, jf. Ål kommune sin målbruksplan.</p>
§ 17 POLITIATTEST	<p>Dei som skal arbeide i barnehagane, må leggje fram tilfredsstillande politiattest. Attesten skal syne om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn, jf. Lov om barnehagar § 19 og Forskrift om politiattest i høve barnehagelova.</p>
§ 18 TEIEPLIKT	<p>Alle som arbeider i barnehagane har teieplikt etter forvaltningslova § 13. Dette gjeld også vikarar, lærlingar, studentar eller andre som er tilstades i barnehagen, jf. Lov om barnehagar § 20.</p>
§ 19 OPPLYSNINGS- PLIKT	<p>Alle som arbeider i barnehage skal vere merksam på tilhøve som kan føre til tiltak frå sosialtenesta og barnevernstenesta. Dei tilsette har opplysningsplikt i høve til dette, jf Lov om barnehagar §§ 21 og 22.</p>
§ 20 HELSE- KONTROLL	<p>Før eit barn byrjar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om helsa til barnet. Barnehagen sitt personale har plikt til å gjennomgå adekvat tuberkulosekontroll, jf. Lov om barnehagar § 23.</p>
§ 21 INTERN- KONTROLL	<p>Barnehagane er ein del av Ål kommune sitt internkontrollsystem.</p>